

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 26.10.2021

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 3

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til vedtak i Y-nemnda 21.10 og ber om at vedtaket følger saka i det vidare arbeidet.»

### **Avrøysting**

Det var 13 representantar til stades.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fosse Andresen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil ikkje føreslå endringar i strukturen i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi no. Det er behov for å vurdere kapasitet og struktur i alle dei i yrkesfaglege utdanningsprogramma i samanheng.

2. Saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23 skal syne tilstrekkeleg reduksjon i kapasiteten på vg1 elektro og datateknologi i nærskuleområde stor-Bergen, slik at ein kan kome i balanse med næringslivet sine behov for lærlingar hausten 2024.

3. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til vedtak i Y-nemnda 21.10 og ber om at vedtaket følger saka i det vidare arbeidet.